



Bjørgulv Eik leia lagsmøte i Vonheim. Lars Jostein Rørvik var skrivar og måtte lesa referat.

Om lag 50 sogelagsmedlemer var med på kulturvandringa i Uskedalen i går. Før det fekk alle møta Harald og Marit Hjørnevåg, far og dotter, som fortalde om verksemda Brødrene Hjørnevåg AS, frå starten i 1948 og fram til dagens produksjon på Børneset og sal av fiskemat over eit stort geografisk område. På Haugland var det fokus på krinsskulen og på forsamlingshuset Vonheim, tidlegare Helgheim og før det skule i Uskedalen.

Ein skuledag på Haugland skule nedkorta til ein skuletime har i mange år vore eit vellukka tiltak. Mange grupper har opplevd stemninga med å vera i ei skulestove slik mange minnst det frå si eiga skuletid. Timen er sett saman av rollespel og faktakunnskap. Det er alltid lagt inn tid for skuleminne. På Haugland i går fekk vi mellom anna høyra om skuledagar på Helgelandskysten og frå krinsane Sunde, Tofte, Bringedalsbygda, Holmedal, Undarheim, Omvikdalen, Hauge og Seglem

Det å gjenskapa eit lagsmøte i Uskedal ungdomslag tidleg på 1930 talet er ei nyskaping. Det vart gjort i Vonheim, reist i 1902 som ungdomshuset Helgheim og seinare flytta til Haugland som forsamlingshuset. Bjørgulv Eik leia møte og alt vart gjort formelt og korrekt med mellom anna bruk av skrivar på møte og opplesing av referatet ved møte slutt.



Dagleg leiar, Marit Hjørnevåg, og far hennar, Harald, fortalde om verksemda sidan før starten i 1948 til dagens produksjon og sal. Liv Eik las Daltrekk og Hans Gustav Musstrand hjelpte til med tonefylgje til songen på trekkspel. Lagsmøte var grunnlaget for all lagsdrift i den frilynde ungdomsrørsla. Lagsmøte var eit forum for ordskilde med mange aktuelle tema. Den handskrive lagsbladet Daltrekk var eit fast innslag. Alle viktige vedtak vart gjort på desse møta.

Sogelagsmedlemene frå heile kommunen sette stort pris på programmet i Uskedalen, ei god blanding av det å få ny kunnskap og det å oppleve noko nytt.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kari Fedt Haugsbakk/ Kristian Bringedal



Ein skuledag på Haugland nedkorta til ein skuletime vert alltid godt motteke.